

SOL Scenen opnar med vill, ekstatisk musikk.. Sol spring inn på spellassen. Ho spring med knyttet som ho fekk av Hanna. Ho skrik og skrattar, er berusa av livet. Spøkelset Hanna går att og er rundt henne. Tengel kjem.

Tengel

Du spring og sprudlar som ein vårvill bekk.

Sol

Eg spring med knyttet som eg nettopp fekk.

Tengel

Og du vil halde fram å redde liv?

Sol

No vil eg ut og kjenne liv som riv.

Tengel

Til helvete med arven som du ber.

Sol

Dei siste åra har eg vore her
og gjort nøyaktig det du sa eg skulle.
No kan eg ikkje gå her lenger stulle.
For eg treng luft, no må eg ut å puste.
Viss eg blir verande vil kroppen ruste.

Tengel

Så må du vite; Me skal begge bera

det mørke, vonde åket all vår dag.

Hugs dette, når du reiser, Sol, om kring;

I månelysset gror det ingen ting. Og livet ...

Sol

Ja, eg veit.

Tengel

... kan vera farleg.

Sol

For meg er både liv og død naturleg.

Tengel klemmer Sol. Sol tek farvel med familien.

Sol

Kjenn vinden. Denne natta er eg fri.

No startar endeleg mi levetid.

La stormen dra meg fram med kraft og fart
i gjennom uversnatta mørk og svart.

Eg kjenner jorda under føtene

det susar og det kviskrar djupt i røtene.

I denne natta flyg ei åsgårdsrei

til Blokksberg. Snart så reiser eg med dei.

Eg veit ein stad der mine egne er.

I austerveg mot sør, i Skåne. Der

vil eg ei månenatt få møte han

den ypperste av alle, mørkets mann.